



NAUSTDAL KOMMUNE

Arkiv: K2 - C50
JournalpostID: 17/5143
Sakshandsamar: Ørjan Stubhaug
Dato: 27.02.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
18/004	KOMITE FOR OPPVEKST OG KULTUR	08.03.2018
18/012	KOMMUNESTYRET	22.03.2018
18/009	UTVAL FOR PLANSAKER	08.03.2018
18/002	RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	07.03.2018
18/004	ELDRERÅDET	07.03.2018

Kulturminneplan: Framlegg til Vedtak

Vedlegg i saka:

05.02.2018	Framlegg til kulturminneplan for Naustdal	86758
05.02.2018	Vedlegg 1 RUNDT NAUSTDAL Kulturminneløype	86757
21.04.2017	Vedlegg 2. KULTURMINNE VEVRING siste versjon 03.04.2017 BK	79495
05.02.2018	Vedlegg 3.Lone bru – Grimsetstølen	86759
21.04.2017	Vedlegg 4.Kulturminneløype i Instedalen endeleg versjon	79497
21.04.2017	Vedlegg 5. Andre kulturminne i Naustdal	79498
21.04.2017	Vedlegg 6. BRUTEGNINGER AV BÆRELVBRUA OG GAMLEBRUA OVER NAUSTDALSFOSSEN	79499

TILRÅDING:

I samsvar med kommunal planstrategi vedtek kommunestyret i Naustdal «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2020»

07.03.2018 ELDRERÅDET

Handsaming:

ER-18/004 Vedtak:

Eldrerådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Samr.

07.03.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming:

RFF-18/002 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser det som vesentleg at planen vert produsert som eit eige hefte, og at det vert informert om i kommuneposten og på kommunen sine nettsider. Det er viktig å få gjennomført skilting i kulturløypene med QR-kodar for elektronisk informasjon, og tilgjengeleggjort for funksjonshemma

Samr.

08.03.2018 KOMITE FOR OPPVEKST OG KULTUR

Handsaming:

KOK-18/004 Vedtak:

Tilrådinga samrøystes vedteken

08.03.2018 UTVAL FOR PLANSAKER

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

Saksordførar : Annlaug Birkeland

UP-18/009 Vedtak:

TILRÅDING til kommunestyret:

I samsvar med kommunal planstrategi vedtek kommunestyret i Naustdal «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2020»

22.03.2018 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Tilrådinga samrøystes vedteken.

K-18/012 Vedtak:

I samsvar med kommunal planstrategi vedtek kommunestyret i Naustdal «Kommunedelplan for kulturminne 2017-2020»

Saksopplysningar:

Gjennom kommunal planstrategi er det vedteke at Naustdal skal ha ein eigen kommunedelplan for kulturminne. Kommunedelplanen har no vore ute til offentleg ettersyn og i denne saka gjer rådmannen framlegg til vedtak av plan.

Framlegg kommunedelplan for kulturminner, inklusiv vedlegg, følgjer saka. Plan og prioriteringar har føregått i nær tettleik til pensjonistlaget, Sogelaget, Grendalag i Instedalen og medlemmer av råd for funksjonshemma.

Bakgrunn:

Kulturminne er viktig for identiteten vår. Kulturminne og historiske miljø er faktorar som gjer ein stad interessant. Å ta vare på særpreget og utvikle verdiane utgjer kan utgjere ein viktig ressurs for reiselivet i kommunen.

Forslag til kulturminneplan er ein direkte konsekvens av at Sogn og Fjordane Fylkeskommune har aktivt retta seg i mot kommunane for å betre forvaltninga av kulturminne. Kommunane er ein sentral aktør i forvaltning av kulturhistoriske verdier, og difor er Naustdal gitt eit tilskott for planarbeidet.

Kulturminneplanen gjev grunnlag for ein aktiv tilskotsforvaltning og eigarar har større moglegheit til å få støtte til bruk og vedlikehald. Kulturminner som er prioritert i ein kommunal plan blir prioritert ved tildeling i frå kulturminnefondet.

Planarbeidet og innhald:

Planarbeidet har vore organisert under kommunalsjef samfunnsutvikling og det er sett saman ei eiga arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har bestått som Instedalen krins, Naustdal Sogelag, Naustdal Pensjonistlag, Rådet for MNFE og Jostein Sollid, pluss kommunalt tilsette.

Praktisk planarbeid er gjennomført ved engasjement i frå lag og foreiningar, samt privatpersoner. Sogelaget har hatt ansvar for løypa rundt Naustdal, kulturminne i Vevring, kulturminne frå Russenes til Frammarsvika, samt nokre fleire. Jostein Sollid har laga grunnlagsmateriale for løypa Lonebrua-Grimsetstølen og Instedalen krins ved /Britt Slettemark har laga kulturminneløype i Instedalen. Naustdal Pensjonistlag, Rådet for MNFE og Sogn og Fjordane Fylkeskommune har kome med gode innspel gjennom heile prosessen.

Kvifor kulturminneplanlegging?

Kulturminner og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar, som er tapt for alltid dersom dei øydeleggast eller fjernast. I dag forsvinn kulturminne i aukande grad, eller utsettast for

skader. Kulturminne er altså uerstattelige verdier som alle ligg i ein kommune og forvaltast lokalt.

Å få på plass ein eigen kulturminneplan er viktig for å;

- Få på plass eit eigna styringsverktøy for kommunens forvaltning av verdifulle kulturminner
- Gjere synleg Naustdal kommune si mangfaldige kulturhistorie.
- Blir sett i stand til å søke tilskot for bevaring og utvikling av kulturminne.
- Naustdal kommune får definert viktige og sentrale kulturminne før kommunereforma trer i kraft.

Kulturminneplanen vil være sentral for å syne kva slags kulturminner som er å ta vare på. Dei ulike kulturminna vert synleggjort og legg grunnlaget for ein kulturminnepolitikk som samsvarar med nasjonale og regionale mål for bevaring og bruk av kulturminne. Det er håp om at planen skal skape ei positiv haldning til bevaring og samtidig bidrar til å styrke identiteten i Naustdal.

Planen legg opp til at ein skal legge til rette for oppleving og formidling av kulturarv, kunst, friluftsliv og fysisk aktivitet. Difor vert det prioritert realisering av tre kulturminneløyper fordelt på Naustdal sentrum, Lonebrua-Grimsetstølen og Vevring. For å lukkast i dette arbeidet vil vi vere avhengig av initiativ i frå dei friviljuge og eksternt tilskot. I kapittel 5 er det lista opp prioriterte kulturminner med påfølgande handlingsprogram.

Høyring og fråsegn:

Planforslag har vore ute til offentleg ettersyn og i tabellen under vert innspela kort gjennomgått og vurdert.

	Innspel	Rådmannens vurdering
Statens Vegvesen	Positiv til at kommunen utarbeider ein eigen kulturminneplan. Stettar løysinga med kulturminneløype Ber elles om at kulturminna vert kartfesta.	Tek uttale til orientering. Kulturminna vert kartfesta i www.kulturminnesok.no
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	<u>Kapittel 1:</u> Har innspel til nasjonale forventingar, registrering av kulturminne, sitatkontroll og har framlegg til forbetring av tekst.	Takast til følgje: Er endra i samsvar med fråsegn frå Fylkeskommunen.
	Kapittel 2: Har innspel til disposisjon, skjematisk oversikt over kulturminne, vurdere å innarbeide oversiktskart,	Vert i hovudsak teken til følgje. Sjå fråsegn frå Fylkeskommunen for meir informasjon.

	vurdere fleire kulturminne, presisere utvalskriterier og ber om sitatreferanse.	
	Kapittel 3: Ber om at kapittel 3 flyttast før kapittel 2, klargjere kommunens ansvar, ei forbetring av målformuleringane, presisering av delmål og tiltak,	Vert teken til følgje
	Kapittel 4: Har innspel til generell forbetring og presisering av tekst og tiltak. Eller nokre generelle kommentarar	Vert teken til følgje. Rådmannen har so langt som råd er forsøkt å etterkomme tilbakemeldingane.
	Kapittel 5: konkretisering ansvarsfordeling	Til orientering. Planrealisering vil i stor grad avhenge av tilskot og godt samarbeid med dei friviljuge
	Kapittel 6: Ber om at kommunen forbetrar oversikt over kjelder.	Takast til følgje.